



Maria Malmsten leiar både "Røysterett for alle" og publikum i "Deilig er jorden". (Foto: Ola Matti Mathisen).

Uskedalskoret "Røysterett for alle" song seg vakkert inn i eit nytt år i Varaldsøy kyrkje på sundagskvelden. Vel 60 eller en fjordedel av dei 240 som bur på øya var til stades i Kvinnherads største kyrkje under konserten.

- Eg kan lova dykk ei flott oppleving, sa klokkar Hildur Øvsthus då ho ynskte vel møtt. Og ho fekk fulldekning for lovnaden.

"Røysterett for alle" var sist på Varaldsøy og song ved juletider for tre år sidan, og songarane såg fram til den nye visitten. Det må vera ei oppleving i seg sjølv å syngja i ei kyrkja med så fantastisk akustikk! Og ein kan ikkje anna enn å vera imponert over den lokale interessa, for seinast 17. desember var det 50 på konsert med Strandebarm-koret.



Varaldsøy kyrkje er eit framifrå konsertlokale. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Koret hadde eit fint avstedt program med 10 songar delt på to avdelingar og jula var sjølv sagt i fokus. Det er ikke lett å rangera mellom dei ymse numra, men eit særleg sterkt inntrykk på alle gjorde nok sjølv opninga med "Eit barn er født". Her fekk vi nok ei gong høyre dirigent Maria Malmstens bokstaveleg tala malmfulle røyst, i vakker vekselsong med koret som først stod langs veggane men etterkvart tok plass i kordøra. Det var eit enkelt, men utruleg fint tablå! Vi gjentek gjerne at koret har utvikla seg sterkt under den nye dirigenten. Og enda betre vil det bli, for snart skal "Røysterett for alle" på seminar!

Rett nok er vi no ferdige med jubileumsåret til Jakob Sande, men det er fullt ut forståeleg at koret tok med seg ein Sandesong over i eit nytt år. Særleg når han blir sunge med slik innleving og presisjon som "Jonsokkvelden"! Er dette koret sitt glansnummer?

Men ikkje for det, også "Länge leve livet", som er ein gamal renessansetone, klang ekstra godt både under dei høge hvelvingane i Varaldsøykyrkja og på ferja over frå Løfallstrand!

Kvinnherad trekkspelklubb, som har uskedelingen Nils Nåsen som leiar, spela i denne kyrkja første gong, men det blir nok ikkje den siste. Trekkspeltonar egner seg særdeles godt i ei kyrkje og dei seks musikantane baud på eit program som passa godt for staden. Her var spennvidda stor, frå Panis Angelicus av Cesar Frank til Calle Jularbos "Julvals". Ikkje minst den siste varma ein som er fødd inn i Jularbotradisjonen, men den gode Calle tenkte seg kanskje ikkje at valsen nokon gong skulle bli spela i ei kyrkje?.

Danskfødte Sussi Bodin bur på Varaldsøy og har sunge i denne kyrkja før. No song ho ein dansk julesang og "Oh, holy night" medan ho akkompagnerte seg sjølv på gitar. Ho vil nok etterkvart bli etterspurd fleire stader, for ho har verkeleg ei vakker røyst.

Det var var og allsong og det var nesten som om taket skulle lyfte seg då både kor og tilhøyrarar song "Deilig er jorden" saman til slutt.

- Dette er noko vi vil gjenta, sa klokkaren.
Det var alle samde i.

Av Ola Matti Mathisen



Kvinnherad trekkspelklubb takkar for applausen i Varaldsøykyrkja. (Foto: Ola Matti Mathisen)